

NotatDato: 05.01.2016
Arkivsak: 2014/15543-57
Saksbehandlar: benlei


Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

E-forvaltning i HFK, SvarUT

Hordaland fylkeskommune har inngått avtale med Kommunenes Sentralforbund (KS) om bruk av SvarUT. KS SvarUt er ei felles løysing for kommunar og fylkeskommunar for å formidle digital post frå kommunale sakarkiv og fagsystem til både innbyggjarar, næringsliv, offentlige og private organ. Føremålet er å formidle dokument frå kommunal sektor rimelig, effektivt og sikkert. Varsel om post blir sendt via Altinn til mottakar.

Den 18. januar 2016 kopla fylkeskommunen opp sakshandsamarsystemet ePhorte opp mot SvarUT. ePhorte er fellessystemet som blir nytta av alle avdelingane i HFK for generell sakshandsaming og utsending av dokument. På sikt vil fylkeskommunen også søke å kople opp andre fagsystem mot SvarUT. Dette er i tråd med regjeringa sitt digitaliseringsprogram, der målsettinga er at all kommunikasjon frå og til offentlig forvaltning som hovudregel skal skje elektronisk.



KS SvarUT tek omsyn til kravet om samtykke, slik det er satt opp i eForvaltningsforskrifta. Det betyr at mottakar kan velje om ho ønskjer å motta brev i digital form eller ikkje. Frå 2016 er det obligatorisk for kommunar og fylkeskommunar å slå opp i Kontakt- og reservasjonsregisteret, som er ei fellesløyning som alle offentlige verksemdar skal bruke i si tenesteutvikling, før vi sender digital post til innbyggjarar som inneheld enkeltvedtak eller annen informasjon som er viktig for mottakaren. Privatpersoner kan reservere seg for å ta imot post digitalt. Då vert posten sendt pr brevpost. Dei som nyttar SvarUt har dette som ei integrert teneste.

Hordaland fylkeskommune er også i gang med eit prosjekt for etablering av nye tenesteorienterte nettsider for Hordaland fylkeskommune, som vil leggje grunnlaget for ei døgnopen forvaltning. I dette prosjektet blir det blant anna arbeid med elektroniske skjema, som etter utfylling frå søkjar, sendast elektronisk inn til sakshandsamar i ePhorte for vidare handsaming, og elektronisk svar via SvarUT.